







# HAREID KYRKJELYD

## ÅRSMØTE SØNDAG 13.MARS 2016 RETT ETTER GUDSTENESTA

**Vanlege årsmøtesaker**

**Visjonsdokument vert lagt fram til samtale**

**Middag og kaffi kr.100,-**

**Hjarteleg velkomne!**

www.hareid.kyrkja.no

# Årsmelding 2015
# for Hareid sokneråd og Hareid kyrkjelege fellesråd

## Sokneråd/ fellesråd

| | |
|---|---|
| Leiar | Hege Tretnes |
| Nestleiar | André Gjerde |
| Medlemer | Bjarte Sunde, Hege Holstad, Kirsti Hareide Øvrelid, Petra Bakkely, Renate Kristin Liaset, Synnøve Overå Hide |
| Varamedlemar | Torgeir Ringstad, Christoffer Bakkely, Rigmor Skeide Liavåg, Dagny Kristine Juul-Grimstad, Unni Waage Angelsen |
| Geistleg repr. | Soknepresten i Hareid |
| Geistleg vararepr. | Soknepresten i Ulstein |

I fellesrådet i tillegg:

| | |
|---|---|
| Kommunal repr. | Kjersti Røyset Topphol |
| Kommunal vara | Stian Runne Brandal |

Etter valet i september såg samansettinga slik ut:

| | |
|---|---|
| Leiar | Hege Tretnes |
| Nestleiar | Gunmar Grimstad |
| Medlemar | Kjersti Røyset Topphol, Elisabeth Myrene, Bjørg Vartdal Hareide, Wenche Roppen, Turid Engen, Lars Sellereite |
| Varamedlemar | Lidvar Grimstad, Andre Gjerde, Dagfinn Snipsøyr, Hallvard Sæverud, Greta Sandanger Goksøyr, Jahn Kjell Fjørtoft, Elsa Hasund |
| Geistleg repr. | Soknepresten i Hareid |
| Geistleg vararepr. | Soknepresten i Ulstein |

I tillegg har soknet hatt følgjande underutval:
Arbeidsutval, administrasjonsutval, diakoniutval, forhandlingsutval, gudstenesteutval, kyrkje- og kyrkjegardsutval, kyrkjemusikalsk utval, misjonsutval, undervisningsutval og økonomiutval. Dei fleste av desse leverer eiga årsmelding.

Hareid sokneråd/Hareid kyrkjelege fellesråd har i 2015 vore samla totalt 10 gongar; soknerådet har hatt 10 møte og handsama 47 saker, fellesrådet har hatt 7 møte og handsama 32 saker.
Rådsmøta vert vanlegvis haldne på kyrkjekontoret. Dei er opne for tilhøyrarar, møteplanen finn ein på soknet si heimeside www.hareid.kyrkja.no.

Kyrkjelydsmøte/årsmøte 15.mars
Årsmøtet var på bedehuset rett etter gudstenesta, og det vart servert brennsnut.
I tillegg til vanlege årsmøtesaker, vart det innleia til gruppesamtale om korleis vi ser på soknet og kva vi ynskjer av arbeid og tenester i kyrkjelyden. Her kom det fram mykje som soknerådet kunne ta med seg vidare i arbeidet med visjonsdokumentet. Etter innspel frå salen vart det også sendt over ei sterk oppmoding til kommunestyret ang.fortgang i arbeidet med ny prestebustad.

Ordinasjon
14.juni var det ordinasjon i Hareid kyrkje av Leidulv Øyvind Grimstad. Det var ei flott gudsteneste med mange deltakande, både geistlege og andre. Soknerådet hadde ansvar for kyrkjekaffien etter gudstenesta, som samla mykje folk.

Utlysning av sokneprestestilling
Ruth Eva Sollie sa opp stillinga si som sokneprest i Hareid før sommarferien. Soknet har då uttalerett i prosessen med utlysning og tilsetting av ny prest.
Til tross for 3 runder med utlysning, kom det ingen søkjarar til stillinga.

# Tilsette og frivillige

## Med Hareid kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar:

| | |
|---|---|
| Kyrkjeverje | Bjørg Vartdal Hareide, 70 %. Jan Erik Hovland frå 3.mars 80% |
| Sekretær | Eli-Sølvi Jønsson, 50 % |
| Kantor | Ida Teige, 100 % |
| Kyrkjelydspedagog | Barbro Østrem, 100 % |
| Medarbeidar i trusoppl. | Eli-Sølvi Jønsson, 50 %<br>Anvor Sukka, ca 10 % |
| Ungdomsarbeidar | Toril Oda Ringstad 20% til oktober, Guro Topphol 20% frå oktober og Dagny Karin Topphol timelønt (lønna gjennom Hareid KFUK-KFUM) |
| Kyrkjetenar/kyrkjegardsarb. | Bjarte Sunde 100% |
| Hareid Frivilligsentral | Heidi Pedersen Kvalsvik, 100 % |
| Vikarar / ekstrahjelper | Håkon Orten Trovåg, Leiv-Arne Hansen, Lill-Marte Apelseth, Odd Lykstad, Ingrid Nerhoel, Ståle Helvig, Lidvar Grimstad, Atle Havåg |

## Med Møre bispedøme som arbeidsgjevar:

| | |
|---|---|
| Sokneprest | Kristian Myklebust (vikar for Ruth Eva Sollie) |
| Sokneprest i Ulstein | Margit Lovise Holte |
| Prostiprest | Sjur Sæter, 20 % |

## Frivillige i gudstenesta:

| | |
|---|---|
| Klokkarar | Bjørg Vartdal Hareide, Odd Erling Norheim Eriksen, Eivind Bjåstad |
| Medhjelparar | Marit Øien Sæverud, Turid Engen, Inga Gjelsvik Barstad |
| Kyrkjevertar | Aslaug Holstad, Ingebjørg Mork, Reidun Melhus, Toril Sæter, Synnøve Overå Hide, André Gjerde, Hege Tretnes, Nina Løvik, Renate Liaset, Torgeir Ringstad, Petra Bakkely, Lars Sellereite |
| Ansvar for lyd- og bilde | Arne Kåre Topphol, Christoffer Bakkely, Hans Otto Brekke, Jostein Nedrelid, Kjell Arve Østrem |
| Blomar til gudstenestene | Anne Sofie Brandal, Judith Pilskog, Rigmor Skeide Liavåg |

## Andre frivillige:

| | |
|---|---|
| Pianist andakter på Hadartun | Olav Fure, Lidvar Grimstad |
| Ekstra vasking av kyrkja | Rigmor Skeide Liavåg, Jorunn Ulstein, Judith Pilskog |
| Stell av konfirmantkapper | Jorunn Vatne, Kirsti Tretnes |

I tillegg er det mange andre som også gjer ein innsats i og for kyrkjelyden vår.
Soknerådet ynskjer å rette ei stor takk til alle!

Hareid 09.02.2016

Hege Tretnes
Soknerådsleiar

# Samanliknande statistikk 2013 – 2015

| | | |
|---|---|---|
| Innmeldingar | | |
| 2013 | 2014 | 2015 |
| 0 | 1 | 2 |
| Utmeldingar | | |
| 2013 | 2014 | 2015 |
| 7 | 18 | 15 |
| | | |
| Døypte heimehøyrande i soknet | | |
| 2013 | 2014 | 2015 |
| 30 | 51 | 34 |
| | | |
| Gudstenestebesøkande i snitt | | |
| 2013 (61) | 2014(55) | 2015(57) |
| 155 | 152 | 155 |
| | | |
| Nattverdsdeltakande | | |
| 2013(36) | 2014(40) | 2015(37) |
| 2538 | 2801 | 2882 |
| | | |
| Gudstenester i påska(4)besøkande i snitt | | |
| 2013 | 2014 | 2015 |
| 91 | 132 | 111 |
| | | |
| Kyrkjeofringar | | |
| 2013 | 2014 | 2015 |
| 267.684,- | 246.419,- | 301.161,- |

# Budsjett 2016 og førebels rekneskap 2015

| | Bud. 2016 | Rekn. 2015 | Bud. 2015 | Rekn. 2014 | Bud. 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| **KYRKJELEG ADMINISTRASJON** | | | | | |
| Kommunalt tilskot | -kr 3 332 850 | -kr 3 264 300 | -kr 3 297 000 | -kr 3 191 500 | -kr 3 000 000 |
| Div. inntekter | -kr 104 008 | -kr 171 658 | -kr 102 000 | -kr 116 990 | -kr 366 800 |
| Sum driftsinntekter | -kr 3 436 858 | -kr 3 435 958 | -kr 3 399 000 | -kr 3 308 490 | -kr 3 366 800 |
| Personalkostnader | kr 800 500 | kr 788 691 | kr 786 000 | kr 747 651 | kr 776 400 |
| Andre driftsutgifter | kr 764 050 | kr 805 555 | kr 800 400 | kr 727 974 | kr 747 900 |
| Sum driftsutgifter | kr 1 564 550 | kr 1 594 246 | kr 1 586 400 | kr 1 475 625 | kr 1 524 300 |
| ***RESULTAT*** | ***-kr 1 872 308*** | ***-kr 1 841 711*** | ***-kr 1 812 600*** | ***-kr 1 832 865*** | ***-kr 1 842 500*** |
| **KYRKJA** | | | | | |
| Driftsinntekter | -kr 105 000 | -kr 84 862 | -kr 85 000 | -kr 252 726 | -kr 105 000 |
| Personalkostnader | kr 302 500 | kr 281 185 | kr 296 000 | kr 386 948 | kr 305 500 |
| Andre driftsutgifter | kr 304 008 | kr 353 521 | kr 348 700 | kr 431 550 | kr 401 000 |
| Sum driftsutgifter | kr 606 508 | kr 634 707 | kr 644 700 | kr 818 499 | kr 706 500 |
| ***RESULTAT*** | ***kr 501 508*** | ***kr 549 845*** | ***kr 559 700*** | ***kr 565 773*** | ***kr 601 500*** |
| **KYRKJEGARDEN** | | | | | |
| Driftsinntekter | -kr 242 000 | -kr 259 289 | -kr 270 000 | -kr 353 014 | -kr 196 000 |
| Personalkostnader | kr 374 500 | kr 373 751 | kr 356 000 | kr 439 148 | kr 337 000 |
| Andre driftsutgifter | kr 215 500 | kr 204 131 | kr 221 500 | kr 260 954 | kr 411 000 |
| Sum driftsutgifter | kr 590 000 | kr 577 883 | kr 577 500 | kr 700 102 | kr 748 000 |
| ***RESULTAT*** | ***kr 348 000*** | ***kr 318 594*** | ***kr 307 500*** | ***kr 347 088*** | ***kr 552 000*** |
| **KYRKJELEG UNDERVISNING** | | | | | |
| Sum tilskot og refusjonar | -kr 593 000 | -kr 593 000 | -kr 593 000 | -kr 655 000 | -kr 632 000 |
| Div inntekter | -kr 86 000 | -kr 75 487 | -kr 76 350 | -kr 114 239 | -kr 100 000 |
| Sum driftsinntekter | -kr 679 000 | -kr 668 487 | -kr 669 350 | -kr 769 239 | -kr 732 000 |
| Personalkostnader | kr 891 000 | kr 857 629 | kr 878 000 | kr 886 918 | kr 869 000 |
| Andre driftsutgifter | kr 155 000 | kr 137 066 | kr 150 750 | kr 165 590 | kr 213 000 |
| Sum driftsutgifter | kr 1 046 000 | kr 994 695 | kr 1 028 750 | kr 1 052 508 | kr 1 082 000 |
| ***RESULTAT*** | ***kr 367 000*** | ***kr 326 207*** | ***kr 359 400*** | ***kr 283 269*** | ***kr 350 000*** |
| **KYRKJEMUSIKK** | | | | | |
| Driftsinntekter | -kr 46 000 | -kr 17 640 | -kr 46 000 | -kr 108 530 | -kr 65 000 |
| Personalkostnader | kr 680 500 | kr 688 518 | kr 669 000 | kr 674 982 | kr 671 000 |
| Andre driftsutgifter | kr 21 300 | kr 28 645 | kr 28 000 | kr 40 664 | kr 33 000 |
| Sum driftsutgifter | kr 701 800 | kr 717 163 | kr 697 000 | kr 715 646 | kr 704 000 |
| ***RESULTAT*** | ***kr 655 800*** | ***kr 699 523*** | ***kr 651 000*** | ***kr 607 116*** | ***kr 639 000*** |
| **FRIVILLIGSENTRALEN** | | | | | |
| Driftsinntekter | -kr 693 000 | -kr 646 536 | -kr 676 000 | -kr 610 594 | -kr 617 000 |
| Personalkostnader | kr 586 000 | kr 566 104 | kr 574 000 | kr 556 453 | kr 545 000 |
| Andre driftsutgifter | kr 107 000 | kr 88 334 | kr 102 000 | kr 83 520 | kr 72 000 |
| Sum driftsutgifter | kr 693 000 | kr 654 438 | kr 676 000 | kr 639 973 | kr 617 000 |
| ***RESULTAT*** | ***kr 0*** | ***kr 7 902*** | ***kr 0*** | ***kr 29 379*** | ***kr 0*** |
| **DRIFTSRESULTAT** | **kr 0** | **kr 60 359** | **kr 65 000** | **-kr 241** | **kr 300 000** |
| Bruk av disposisjonsfond | kr 0 | -kr 65 000 | -kr 65 000 | -kr 13 140 | -kr 300 000 |
| Avsetningar | kr 0 | kr 10 697 | kr 0 | kr 62 813 | kr 0 |
| **MER-/MINDREFORBRUK** | **kr 0** | **kr 6 056** | **kr 0** | **kr 49 432** | **kr 0** |

SUM Disposisjonsfond pr. 31.12.2015: 385.000,-.

SUM Offringar 2015 misjonsprosjekt / andre: 54.485,- / 270.515,-.

# Årsstatistikk for Den norske kirke 2015

Navn på sokn: **Hareid**

Kommunenummer: **1517**

**NB: Dette dokumentet skal ikke sendes inn. Det er kun til hjelp for utfylling av den elektroniske rapporten.**

Sjekk www.kirkedata.no for veiledning om hvordan du leverer rapporten til Statistisk sentralbyrå.

## 2

2.1 Hvor mange innmeldinger ble registrert **2**

2.2 Hvor mange utmeldinger ble registrert? **15**

## 3

3.1 Hvor mange dåpshandlinger ble registrert? **42** 3.2 Hvor mange av disse døpte hadde bostedsadr. i soknet? **34**

3.3 Hvor mange ble konfirmert i soknet? **50**

3.4 Hvor mange kirkelige vigsler ble utført i soknet? **10**

3.5 Forbønnshandlinger for borg. inngåtte ekteskap? **0** Antall deltakere: **0**

3.6 Hvor mange gravferder ble utført? **33**

Hvor mange av gravferdene ble forrettet i soknets kirker? Antall: **29**

## 4

4A.1 Hvor mange gudstj. på søn- og helligdager? **57** Antall deltakere: **8 867**

4A.2 Hvor mange gudstj. utenom søn- og helligdager **11** Antall deltakere: **1 265**

Hvor mange av gudstjenester (4A.1-2) foregikk...

4B.1...i soknets kirker: **57** 4B.2 ...på institusjon i soknet: **4** 4A.3 ...et annet sted enn soknets kirker eller institusj.: **7**

Hvor mange av følgende typer gudstjenester ble gjennomført?

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 4C.1 Gudsjenester med nattverd? | Antall: | **37** | Totalt nattv.gj.: | **2 882** |
| 4C.2 Gudsjenester med skriftemål? | Antall: | **0** | Totalt skriftemål: | **0** |
| 4C.3 Familie og barnegudstjenester? | Antall: | **10** | Totalt deltakere: | **1 729** |
| 4C.4 Gudsjenester for ungdom? | Antall: | **2** | Totalt deltakere: | **260** |
| 4C.5 Gudsjenester for barnehagebarn? | Antall: | **1** | Totalt deltakere: | **186** |
| 4C.6 Gudsjenester for skoleelever? | Antall: | **3** | Totalt deltakere: | **666** |
| 4C.7 Gudsjenester med dåp? | Antall: | **29** | Totalt deltakere: | **4 162** |
| 4C.8 Konfirmasjonsgudstjenester? | Antall: | **3** | Totalt deltakere: | **1 050** |
| 4C.9 Julaftensgudstjenester? | Antall: | **2** | Totalt deltakere: | **608** |
| 4C.10 Gudstjenester i påsken? | Antall: | **4** | Totalt deltakere: | **444** |
| 4C.11 Gudstjenester i Kristi Himmelfartsdag? | Antall: | **1** | Totalt deltakere: | **65** |
| 4C.12 Gudstjenester i pinsen? | Antall: | **2** | Totalt deltakere: | **331** |
| 4C.13 Gudstjenester i med samisk innslag? | Antall: | **0** | Totalt deltakere: | **0** |
| 4C.14 Allehelgensgudstjenester? | Antall: | **1** | Totalt deltakere: | **51** |
| 4C.15 Økumeniske gudsjenester? | Antall: | **0** | Totalt deltakere: | **0** |

## 5

| | Ja | Nei | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 5A.1 Var barnehager på besøk i kirken utenom gudstjeneste? | X | | Antall besøk: | **3** | Avdelinger: | **14** |
| 5A.2 Var skoleklasser på besøk i kirken utenom gudstjeneste? | X | | Antall besøk: | **14** | Avdelinger: | **27** |
| 5B.1 Besøkte prest, kateket eller annen men.arb. barnehager? | X | | Antall besøk: | **2** | Avdelinger: | **12** |
| 5B.2 Besøkte prest, kateket eller annen men.arb. skoler? | X | | Antall besøk: | **4** | Avdelinger: | **20** |
| 5C.1 Drev menigheten barnehage? | | X | Antall: | **0** | Antall barn: | **0** |

**6**

## 6 Opplæring og diakoni

(Samarbeid med andre sokn = S)

| | | |
|---|---|---|
| Har menigheten vedtatt lokal plan for trosopplæring? | Ja [X] | Nei [ ] |
| Har menigheten vedtatt lokal diakoniplan? | Ja [ ] | Nei [X] |

### 6A Opplæring og diakoni - barn og unge 0-12 år

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 6A.1 Arr. menigheten babysang eller småbarnsang for barn 0-5 år? | Ja [X] | Nei [ ] | | Deltakere: 23 |
| 6A.2 Drev menigheten søndagsskole? | Ja [ ] | Nei [X] | | Deltakere: 0 |
| 6A.3 Drev menigheten kontinuerlige tilbud for barn 0-5år? | Ja [X] | Nei [ ] | | Deltakere: 23 |
| 6A.4 Gjennomførte menigheten enkeltarrangement for barn 0-5år | Ja [X] | Nei [ ] | Antall: 2 | |
| 6A.5 Hadde menigheten kontinuerlige tilbud for barn 6-12 år? | Ja [X] | Nei [ ] | | Deltakere: 35 |
| 6A.6 Gjennomførte menigheten enkeltarr. for barn 6-12 år? | Ja [X] | Nei [ ] | Antall: 7 | |

6A.7 Evt. samarbeidssokn, og hvilke sokn deltakerne er ført:

### 6B Opplæring og diakoni - barn og unge 13-15 år

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 6B.1 Drev men. klubb, ungd/natt-kafe etc for ungdom? | Ja [ ] | Nei [X] | Antall: 0 | Deltakere: 0 |
| 6B.2 Drev menigheten andre grupper/foreninger/tiltak for ungdom? | Ja [X] | Nei [ ] | Antall: 1 | Deltakere: 24 |

6B.3 Evt. samarbeidssokn, og hvilke sokn deltakerne er ført:

### 6C Opplæring og diakoni - unge etter konfirmasjonsalder

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 6C.1 Drev men. ungdomsklubb, ungdomskafe, nattkafe etc 16-25 år? | Ja [ ] | Nei [X] | Antall: 0 | Deltakere: 0 |
| 6C.2 Drev menigheten idrettsgrupper (inkl. KRIK) (16-25 år)? | Ja [ ] | Nei [X] | Antall: 0 | Deltakere: 0 |
| 6C.3 Arrangerte menigheten lederkurs o.l. (16-25 år)? | Ja [ ] | Nei [X] | Antall: 0 | Deltakere: 0 |
| 6C.4 Drev men. bibelgr. eller andre oppl.tiltak for ungdom (16-25 år)? | Ja [ ] | Nei [X] | Antall: 0 | Deltakere: 0 |
| 6C.5 Hadde men. tilbud om leir/weekend for ungdom (16-25 år)? | Ja [ ] | Nei [X] | Antall: 0 | Deltakere: 0 |
| 6C.6 Drev men. andre grupper/foreninger for ungdom (16-25 år)? | Ja [X] | Nei [ ] | Antall: 1 | Deltakere: 22 |

6C.7 Evt. samarbeidssokn, og hvilke sokn deltakerne er ført:

### 6D Opplæring og diakoni - ulike tilbud til voksne

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 6D.1 Gav menigheten tilbud om bibelgr./husfellesskap for voksne? | Ja [ ] | Nei [X] | Antall: 0 | |
| 6D.2 Organiserte menigheten bibelkurs? | Ja [ ] | Nei [X] | Antall: 0 | Deltakere: 0 |
| 6D.3 Andre opplæringstilbud? | Ja [ ] | Nei [X] | Antall: 0 | |
| 6D.4 Hadde men. tilbud om ekteskapsgrupper/samlivsgrupper? | Ja [ ] | Nei [X] | Antall: 0 | |
| 6D.5 Hadde menigheten tilbud om sorggrupper? | Ja [X] | Nei [ ] | Antall: 1 | |
| 6D.6 Hadde menigheten tilbud om eldretreff/-kvelder? | Ja [X] | Nei [ ] | Antall: 16 | |
| 6D.7 Holdt menigheten andakter på institusjon eller aldershjem? | Ja [X] | Nei [ ] | Antall: 40 | |
| 6D.8 Hadde menigheten besøkstjeneste? | Ja [X] | Nei [ ] | Antall: 50 | |
| 6D.9 Ble det arrangert turer for menigheten? | Ja [ ] | Nei [X] | Antall: 0 | |
| 6D.10 Hadde menigheten tilbud vedrørende integreringsarbeid? | Ja [X] | Nei [ ] | | |
| ..rettet mot innvandrere ? | | | Antall: 124 | |
| ..rettet mot funksjonshemming ? | | | Antall: 0 | |
| ..rettet mot andre utsatte grupper ? | | | Antall: 0 | |
| 6D.11 Hadde menigheten andre diakonale tilbud? | Ja [X] | Nei [ ] | Antall: 1 | |

6D.12 Evt. samarbeidssokn, og hvilke sokn deltakerne er ført:

**7**

## 7 Kirkemusikk og kulturarbeid

| | | |
|---|---|---|
| Har menigheten vedtatt lokal plan for kirkemusikk? | Ja [ ] | Nei [X] |

| | | |
|---|---|---|
| 7A.1 Hvor mange kor/korgrupper for barn og unge ble drevet i menighetens regi? | Antall: 1 | Antall medl.: 26 |
| 7A.2 Hvor mange kor/korgrupper for vaksne/familiekor ble drevet i menighetens regi? | Antall: 0 | Antall medl.: 0 |
| 7B.1 Hvor mange konserter, musikkandakter o.l i menighetens regi? | Antall: 5 | Antall besøkende: 1 143 |
| 7B.1 Hvor mange konserter, musikkandakter o.l i andres regi? | Antall: 6 | Antall besøkende: 904 |
| 7C.1 Hvor mange andre kulturarr. i menighetens regi? | Antall: 0 | Antall besøkende: 0 |
| Spesifiser tilbud: | | |
| 7C.2 Hvor mange andre kulturarr. i andres regi? | Antall: 0 | Antall besøkende: 0 |
| Spesifiser tilbud: | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 7D.1 Var det tilbud om åpen kirke for menigheten? | Ja [X] | Nei [ ] | Dager/kvelder åpne i løpet av året: 200 |
| 7D.2 Var det tilbud om veikirke for menigheten? | Ja [ ] | Nei [X] | Dager/kvelder åpne i løpet av året: 0 |

## 8

8A Hvor mange frivillige medarbeidere var totalt engasjert i menighetens arbeid? Antall frivillige: 257

8B Hvor mange frivillige medarbeidere (15 år og eldre) var med i:

| | | |
|---|---|---|
| 8B.1 ...planlegging og gjennomføringen av gudstjen | Antall frivillige: | 78 |
| 8B.2 ...barnearbeid/ trusopplæringstiltak i menigheten? | Antall frivillige: | 24 |
| 8B.3 ...ungdomsarbeid/ trusopplæringstiltak i menigheten? | Antall frivillige: | 15 |
| 8B.4 ...menighetens diakonale arbeid? | Antall frivillige: | 90 |
| 8B.5 ...menighetens kultur- og konsertarrangementer? | Antall frivillige: | 10 |
| 8B.6 ...komité- og utvalgsarbeid? | Antall frivillige: | 27 |
| ..herav medlemmer og varamedlemmer i menighetsrådet? | Antall frivillige: | 13 |
| 8B.7 ...annet arbeid, f.eks dugnad og menighetsblad? | Antall frivillige: | 0 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 8C.1 Gav menigh.tilbud om kurs for frivillige voksne medarbeidere? | Ja ☐ Nei ☒ | Antall: 0 | Antall deltakere: | 0 |
| 8C.2 Arrangerte menigheten fest for frivillige, medarbeiderfest o.l.? | Ja ☒ Nei ☐ | Antall: 2 | Antall deltakere: | 82 |

## 9

9.1 Var menigheten engasjert i misjons- eller solidaritetsprosjekt i andre land? Ja ☒ Nei ☐ Antall prosjekt: 1

Antall samarbeidssokn: 0

## 10

10 Hadde soknet fellestiltak med andre sokn på **noen av følgende** virksomhetsområder:

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 10A.1 | Gudstjenester? | Ja ☒ Nei ☐ | Antall sokn: | 1 |
| 10A.2 | Kirkemusikk/Kor/Kulturarbeid? | Ja ☐ Nei ☒ | Antall sokn: | 0 |
| 10A.3 | Andre fellestiltak? | Ja ☐ Nei ☒ | Antall sokn: | 0 |

## 11

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 11.1 Hvor stort beløp ble samlet inn ved offer/kollekt i kirkene? | Kr.: | 301 161 | Av dette til egen virksomhet: | 11 048 |
| 11.2 Hvor stort beløp ble samlet inn via menighetens givertjeneste? | Kr.: | 0 | Av dette til egen virksomhet: | 0 |
| 11.3 Beløp ved andre innsamlinger, ved gaver, basarer, messer o.l.? | Kr.: | 36 576 | Av dette til egen virksomhet: | 0 |

## 12

12 Merknader:

# Årsmelding frå soknepresten i Hareid 2015

*«Så mitt hus kan bli fullt?»- litt om gudsteneste og tal*
Ved årsskiftet vert det kvart år utarbeidd statistikk for kvart sokn i Den norske kyrkja. Gjennom teljing og rapportering får ein eit oversyn i tal over mykje av aktiviteten i soknet. Eit sentralt tal i denne statistikken er naturlegvis: kor mange deltok på gudstenestene våre i fjor?

Desse tala *er* naturlegvis viktige. Dei kan, rett lest og tolka, seie noko om retninga vi går i. Likevel tenkjer eg ved dette årssktiftet, og ved avslutninga av prestetenesta mi på Hareid: Det er ikkje det viktigaste å fokusere på! Alt for ofte tek eg meg sjølv i å spørje etter ei gudsteneste eller ei samling i kyrkja: «Kor mange var der?»- for så å gjere svaret til eit «suksesskriterium»: var der få eller var det mange? Men kvifor ikkje heller spørje: Var det godt å vere der for deg? Var det nokon som møtte deg? Kunne du møte nokon på ein god måte? Var det et ord, ein song eller eit handtrykk som vart viktig for deg? Fekk du eit glimt av Guds mangfaldige nåde denne gongen?

Eg trur og håper at 2015 innheldt mange «ja» som svar på desse spørsmåla. Eg trur og håper at det at vi møtest i kyrkja eller andre stadar til gudsteneste, konsert, undervisning eller anna kan gjere noko viktig og godt med oss, som einskildmennneske og som fellesskap. Gjennom vår deltaking, med tru og med tvil, kan vi erfare å sjølve bli borne av kyrkja si tru på og tilbeding av den treeininge Gud.

2015 har gitt ulike gudstenesteopplevingar, slik som til dømes gudstenester fulle av born og ungdom, ettertenksam skriftemålsgudsteneste på Oskeonsdag, jublande påskefeiring, konfirmasjonar, friluftsgudstenester i alt slags ver, «fiskemesse» med barnekor, Hareidstemnegudsteneste, avskilsgudsteneste, helgemesse, og advent- og julefeiring, inn i mellom «heilt vanlege» søndagsgudstenester. Gjennom dette mangfaldet vil eg i år peike på ein særleg viktig tråd: songen og musikken. Hareid er heldig som har mange gode kor og musikantar som villig deltek i gudstenestene, som har god song i kyrkjebenkane og som ikkje minst har ein allsidig og dyktig kantor som lyttar seg fram til kvar gudsteneste sitt særpreg- og løftar henne gjennom musikken.

Skal eg løfte fram ei utfordring, vil eg seie at vi gjerne skulle ha hatt med fleire barnefamilier på gudstenestene. Det er naturlegvis mange barn og barnefamilier på mange gudstenester i Hareid kyrkje. Likevel ser vi at det er for mange gudstenester der det er få barn og barnefamilier til stades. Mange stadar ser ein at det er flott med søndagsskule i samband med gudstenesta, der born kan vere med ut under preika og kjem tilbake for å delta i nattverden. Her har Hareid ei utfordring med lokala: Det hadde vore svært ønskjeleg, av mange grunnar, med rom til slik bruk i eller i tilknyting til kyrkjebygget!

For 2015 viser statistikken at fleire deltok på gudstenester på søn-og heilagdagar. Han viser oss at mange gjekk til nattverd. Alt dette er gledeleg, sjølvsagt. Likevel var det viktigaste om du og eg; om vi- fekk eit møte med Guds kjærleik i Jesus Kristus, og at dette møtet kunne gje oss mot, kraft og kjærleik til dagane våre. Det er difor kyrkja står der. Det er difor vi samlast, nokre gongar ein liten flokk, nokre gongar fullsett kyrkje. Vi kan og skal telje- men det er slett ikkje berre tala som tel!

*«Lat oss stå saman i vitnemål og teneste....»*
Arbeidet med dåp er viktig for kyrkja. Over heile landet, også i Møre, vel færre å la borna sine verte døypte til den kristne trua. Trenden er tydelegast i byane, men truleg er det allereie ein realitet her hos oss. Tala for 2015 kan tyde på dette, sjølv om det er vanskeleg å slutte dette frå berre eitt år.

Dette utfordrar oss som kyrkje til å halde dåpen tydeleg fram, til å vere medvitne om kva dåpen er og betyr for oss- og det utfordrar kyrkja til å kome med god og innbydande informasjon om dåpen, oppmuntre til dåp, bygge ned tersklar og motførestillingar- og til å ønskje velkommen alle dei som kjem med borna sine til kyrkja. «Lat oss stå saman i vitnemål og teneste, inntil dagen kjem då alt det skapte skal bli forløyst ved vår frelsar, Jesus Kristus» vert vi oppmoda om i dåpsliturgien- og dette er viktig for kyrkja si framtid!

*Prestesituasjonen i soknet*
Ei viktig sak i 2015 etter førre soknepresten slutta har naturlegvis vore arbeidet med å få ny sokneprest. Når dette vert skrive har det framleis ikkje lukkast. Då er det bra at Leidulv Grimstad har teke på seg å vere vikar første delen av 2016. Det gjev meir stabilitet på prestesida.

I 2015 har Margit Lovise Holte, Sjur Johan Sæter, Sindre Løvik, Leidulv Øyvind Grimstad, Ruth Eva Sollie og Kristian Myklebust gjort presteteneste i soknet. Ruth Glæstad og Arne Moltubak har hatt einskild-vikarteneste.

I løpet av 2016 får Ulstein ei ny kapellan-stilling, som også skal gjere noko teneste på Hareid. Prestane i Hareid og Ulstein deler på tenesteveker for gravferd og bryllaup, og i 2015 var talet på gravferder lavare i begge sokna, medan det var fleire vigsler enn året før. Også i 2015 vart det gjennomført sorggrupper, som eit felles tilbod for begge sokna.

Av anna arbeid i 2015 kan til dømes nemnast andakter på Hadartun, ulike samtaler, dåpssamlingar/samtalar, soknebod/nattverd i heimen, deltaking i krise-og omsorgsgruppa i Hareid, deltaking i råd og utval, deltaking i trusopplæring, forkynning/andakter i ulike samanhengar o.a. Soknepresten deltek også i beredskapsordninga for prostiet.

Ørsta, 11.02.16
Kristian Myklebust
sokneprest (vikar) 1.1.15-31.12.15

# ÅRSMELDING FOR DIAKONIUTVALET 2015

**Utvalet har hatt desse medlemane:**
Turid Engen - leiar i 1 år
Ellisiv Gryt Grimstad
Hanna Elisabeth Langnes Moldskred
Unni Waage Angelsen frå soknerådet
Heidi Kvalsvik møter frå Frivilligsentralen.
Kristian Myklebust har vore med som vikar for Ruth Eva Sollie frå 1/1-2015.

**Plan for diakoni:**
Våren 2014 jobba utvalet mykje med å ferdigstille Diakoniplanen før soknerådet hadde den som sak i april 2014. Ulike omstende gjorde at den vart lagt på is etter dette.
Denne planen har det vore eindel arbeid med. Vi har prøvd å kartlegge kva behov kyrkjelyden har og kome med nye idear.
Vi har hatt kontakt med Hjellebakken, ressurssenteret, NAV og sjukeheimen med tanke på vidare samarbeid.
Dette er ein plan som skal evaluerast og reviderast etter som behova endrar seg i kyrkjelyden.
Sidan frivilligsentralen er eindel av kyrkja vår fell det naturleg å ha eit samarbeid med Heidi Kvalsvik som er leiar for frivilligsentralen.
Difor vil ein også finne mykje av arbeidet som frivilligsentralen driv i den diakonale planen for Hareid kyrkjelyd. Dette er ein plan for dei ulike diakonale oppgåvene som er i kyrkjelyden vår.

**Skjærtorsdagsgudstenesta**
Diakoniutvalet hadde ansvar for fellesmåltidet på skjærtorsdag som vanleg. Vi serverte bollar og kaffi/te. Fint fellesskap rundt langbordet med god prat og høve til å bli kjent med nye. Mange er kanskje ikkje kjend med dette så utvalet meinar det bør gjerast betre kjendt via kyrkjesida eller i annonsa for Gudstjenesta.

**Minnegudsteneste laurdag før Helgemesse**
Tidlegare diakon Leidulv Grimstad har stått for denne samlinga i samråd med diakoniutvalet.
Sidan Leidulv var tilsett som vikarprest i Ulstein i 2015 ynskte han å fråtre denne oppgåva. Diakoniutvalet har derfor hatt ansvaret for minnegudstjenesta dette året saman med sokneprest Kristian Myklebust. Judit Pilskog pynta nydeleg med blomster og lys. Pårørande til dei som har gått bort siste året var spesielt invitert. Oppmøtet var bra. Det kom tilbakemeldingar om at dette er ei samling som betyr mykje for dei som er i sorg.

**Oppgåver som må arbeidast vidare med:**
Diakoniutvalet i samarbeid med kyrkjekontoret har engasjert seg i å få laga eit frivilligskjema der alle kan krysse av oppgåver ein kan tenke seg å ta del i i kyrkjelyden. Dette er oppgåver alt frå å vere forsongar og forbedar til kakebaking og dugnad på kyrkjegarden. Alle kan bidra med noko. Dette skjemaet blei ikkje ferdig i 2015 og vi sender derfor oppgåva vidare til det nye diakoniutvalet. Diakoniutvalet sitt ynskje er at alle skal få utdelt eit slikt skjema som ein invitasjon til oppgåver i kyrkjelyden.
**Viser elles til årsmeldinga for Frivilligsentralen for anna diakonalt arbeid som har blitt gjort.**

01.02.2016
For diakoniutvalet: Turid Engen

# Årsmelding for misjonsutvalet for året 2015

Utvalet har bestått av 4 medlemar : Petra Bakkely, Solveig Bjåstad, Odd Lykstad og Rigmor Liavåg

Misjonsutvalet hadde 3 møter i 2015.

Misjonsutvalet har også i år vore med på å arrangere kyrkjelyden sin misjonsdag på Holesanden.
I 2015 vart misjonsdagen sett til 07.06.2015. Inntekta gjekk kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand.
Misjonsdagen starta med gudsteneste. Bente Anita Pilskog frå NMS deltok under gudstenesta og viste mange flotte bilete frå Thailand. Hareid blandakor gledde oss med flott song. Elles var Ingrid Nerhoel organist og ho song solo.
Etter gudstenesta var det matsal, loddsal og trekning av loddbøker.
Overskot på kr 12.805,- vart overført til NMS. Stor takk til dei som deltok på ulike måtar.

Søndag 15.nov. var medlemane i misjonsutvalet medhjelparar på Middag og Misjon etter gudsteneste i Kyrkja. Det var sal av brennsnut og mykje loddsal. May-Lisbeth Hovlid Aurdal heldt preika i kyrkja og ho hadde også innslag på Bedehuset med bilder frå prosjektet i Thailand. Barne-og Minikantoriet tok del både i kyrkja og på bedehsuet. Overskotet vart på kr 11.485,-

Tilsaman med alle arr.og kyrkjeofringar vart det sendt kr.54.485,- til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand.

Petra Bakkely
Ref.

Årsrapport for undervisningsutvalet 2015

Medlemar i utvalet: Synnøv Skarbakk, Jon Arild Magerøy, Hege Holstad, Dagny Kristin Grimstad-Juul, Vegard Peter Knardal og kyrkjelydspedagogen.

Utvalet hadde eit møte i 2015;

**Kyrkjelyden sitt tilbod til barn og unge gjennom trusopplæring og samabeid med barnehage/skule**

| Barnehage | Skule | Trusopplæring | %_14 | %_15 |
|---|---|---|---|---|
| | | 0 år Dåpssamtale | 100 % | 100 % |
| Før jul besøker vi alle barnehagane | 1.kl. Foreldrekurs med opplegg for borna | 0-1 år Babysong | 37 % | 36 % |
| Før påske besøker vi alle bh. | 1.kl. Kjem i kyrkja før jul "undretur- på leit etter jula" | 1 år Dåpsmarkering | 45 % | 37 % |
| 4-6 år møter i kyrkja til juleg. | 2.kl. Kjem i kyrkja på hausttakkefest og påskevandring | 2 år Dåpsmarkering | 33 % | 26 % |
| 2-3 år har julevandring i kyrkja | 3.kl. Kjem i kyrkja i mai "Kr.himmelfart og pinse" Opp i tårnet | 1-6 år Småbarnssong | 28 % | 21 % |
| 5-6 år møter i kyrkja til h.takkefest | 4.kl. Kjem i kyrkja i nov. Helgemesse "Sorg og gravferd" | 3 år alle får helsing i posten | 100 % | 100 % |
| 5-6 år møter i kyrkja til påskev. | 4/5.kl. Bibelkurs VGBB, jan.og okt. | 4 år 4 samlingar på hausten | 88 % | 67 % |
| | 6.kl. | 5 år samling x2 i Palmehelga | 46 % | 32 % |
| | 7.kl. Kjem til kyrkja i mai "Sakramenta" | 6 år 6 samlingar på våren | 48 % | 48 % |
| | 8.kl. Kjem til kyrkja; "Kyrkjehistorie" i nov/"Gudstenesta" i mai | 7 år Leirdøgn i aug. | 63 % | 63 % |
| | 9.kl. | 8 år Tårnagent i jan.x2 samlingar | 68 % | 63 % |
| | 10.kl. Kyrkja er med på turen til Polen/Tyskland | 8 år 4 samling m/hausttakkefest | 55 % | 29 % |
| | | 9 år Leirdøgn i juni | 51 % | 26 % |
| | 1.-10.kl. Alle er invitert til gudsteneste før jul | 10 år 6 samlingar vinter | 77 % | 84 % |
| | Besøker skulane før påske; påskefrukost | 10 år 4 samlingar haust | 45 % | 60 % |
| | | 11 år Kode B vinter x 5 samlingar | 59 % | 53 % |
| | Alle samlingane i kyrkja er på ein skuletime. | 11 år 3 samlingar sept. | 69 % | 63 % |
| | VGBB er 2 dobbeltimar | 12 år 13 Samlingar feb.-nov. | 90 % | 52 % |
| | | 13 år leirdøgn i juni | 73 % | 67 % |
| | | 14 år Konfirmant | 100 % | 93 % |
| Vi ser variasjon i tale tpå frammøte på dei ulike tiltaka, og noko av forklaringa er borna | | 15 år Konf.og 3 saml. på hausten e | 51 % | 44 % |
| sine andre aktivitetar som kolliderer med våre tilbod. Vi varierer litt på tid, og fotballcupar likeså. | | 16 år 1 samling på Kjeldsund | 22 % | 38 % |
| Vi starta Tweensklubb saman med KFUK/M i haust og der har vore jamt over 30 stk. | | 17 år 1 samling | 0 % | 0 % |
| Klubben er for dei som går i 6.og 7.klasse. | | 18 år 1 samling i nov. | 28 % | 38 % |

Vi har 24 tiltak derav 10 har mindre enn 50% oppslutning
Vi har berre 4 tiltak med mindre enn 30% oppslutning
Vi har 10 tiltak med over 60% oppslutning
Berre eit av tiltaka måtte avlysast pga.manglande deltaking
10 av 24 tiltak er retta inn mot gudsteneste

# Årsmelding for gudstenesteutvalet for året 2015

Desse har site i utvalet: Leidulv Grimstad, Barbro Østrem, Ida Teige, Arne Kåre Topphol, Kristian Myklebust og Synnøve Overå Hide.

Vi har hatt fem møter i løpet av året, 3 før våren starta for fullt og 2 på hausten.

Opplegget vårt for fastetida vart køyrt i 2015 også og det skal også køyrast i 2016. Vi synest det er eit godt tiltak som treffer folk heime.

Vi har teke opp følgjande tema/emne:

- Fastetidsopplegget
- Gudstenestegrupper
- Eigne, sjølvskrivne forbøner
- Temagudsteneste med ein salmediktar/komponist
- Andre gode gudstenesteidear – ottesong på 1.påskedag? Taize- eller kveldsgudsteneste? Samtale- eller bønegrupper? Feitetirsdag med rømmegraut?
- Evaluering av gudst.reforma
- Synleggjering av dåpsvatnet og dåpslyset
- Påskesalmekveld
- Gudstenesteplanane (vår, haust)

Det er fortsatt eit aktivt og levande utval, med engasjerte diskusjonar, medlemmar som meiner noko og som vil det beste for gudstenestelivet i Hareid kyrkje. Det er kanskje det som gjer at vi har lyst til å sitje der nokre år til, vi som kom inn ved forrige soknerådsval. I tillegg er det viktig med kontinuitet no når liturgien og reform skal evaluerast.

Hareid 24.01.16

Synnøve Overå Hide

Avgått leiar

# ÅRSMELDING – kyrkjemusikalsk utval 2015

**Medlemmer:**
Christoffer Bakkely, Leiv Arne Grimstad, Marit Djupvik, Renate Liaset og kantor.
Vi har i 2015 hatt to styremøte. I tillegg har vi organisert og planlagt ein del via e-post. Utvalet har vore med og ordna det praktiske rundt konsertar, og planlagd andre kyrkjemusikalske aktivitetar.

**Ny salmebok**
Vi har heldt fram, som i fjor, med å gjere oss kjende med den nye salmeboka gjennom å ha ein salmekveld i kyrkja. Vi har også dette året planlagt salmekvelden vi skal ha 24. januar 2016, (den 6. i rekkja) saman med familien Knotten.

**Vi syng og spelar jula inn**
I fjor delte vi inn kor og korps utan å tenke på alder. Dette fungerte godt! Vi heldt derfor fram med denne inndelinga i år. Det var godt oppmøte på begge konsertane. I år fekk vi for første gong høyre det nystarta koret CorSonus. I tillegg var det flott solosong av Truls Håbakk og Lovise Yri. Leidulv Grimstad heldt andakt på begge konsertane.

**Kor, korps og solistar i gudstenesta**
Mange av bygda sine songarar og musikarar har vore innom og berika gudstenestene våre med song og musikk, både ein og fleire gongar i løpet av året. Dette er kyrkjelyden særs takksame for. Elles bruker vi jamnt våre eigne kor og grupper; både Mini- og Barnekantoriet, Ten-sing, borna i trusopplæringa og konfirmantaner- både som forsongarar, kor og solistar. Vi har også starta med faste forsongargrupper, som blir sette opp i ei «turnusteneste» i halvårsbolkar. Dette gjer det lettare både å planlegge og gjennomføre gudstenestene, med tanke på å bruke ukjende og nye salmar.

**Hareid mini- og barnekantori**
Hareid Mini- og barnekantori øver i kyrkja kvar onsdag ettermiddag,
og deltek på fleire gudstenester i løpet av året. (Kantoriet har eiga årsmelding).

**Konsertar arrangert av Hareid Kyrkjelyd**
04.03: Salmekveld der Grimstadkoret og Sindre Løvik var med
27.11: Julenatt i stallen
20.12: Vi syng og spelar jula inn
20.12: Vi syng og spelar jula inn

**Konsertar arrangert av andre**
19.04: Bigset blandakor
30.04: Wenche Leite
31.05: Hareid kammerkor
01.11: Hjørungavåg brass
21.11: Ørsta frikyrkjekor
29.11: Merete Godø med fleire.
11.12: Hareid musikk-- og kulturskule

Dette utvalet takkar no for seg og gir taktstokken vidare til neste utval. Vi har hatt fire fine år saman og delt mange gode musikalske opplevingar.

For kyrkjemusikalsk utval

Renate Liaset
Brandal 24.01.16

# Årsmelding for Barne og Minikantoriet 2014/2015

**Etter årsmøtet, 06.11.14, vart styret slik:**

Leiar: Nina Løvik
Nestleiar: Trine Larsen
Kasserer: Anna Flemming
Sekretær: Aina Eilertsen
Styremedlem: Per Ove Riste
Vara: Trude B. Sørdal
Dirigent: Ida Teige.

## Ting som koret var med på hausten 2014:

17 september hadde vi "ta med ein venn" på øvinga, for å rekruttere flere til koret.

28 september var vi med på gudstjeneste på Bigset bedehus

2 november var vi og sang på familiemøte på Ørsta bedehus.

4 november hadde vi fellesøving med Ten-sing

6 november hadde vi Årsmøte i koret, i kirka

8 november sang vi på Bigsetmessa sammen med Ten-sing

16 november sang vi på barnas misjonsdag i kirka

19 november hadde vi konsert på Hadartun

28 november var vi med på "julenatt i stallen" i kirka

10 desember hadde vi juleavsluttning med juleverksted, i kirka

21 desember var vi med og sang og spelte jula inn i kirka

24 desember var vi med i julaftgudstjenesta.

## Ting koret var med på våren 2015:

11 januar sang vi på gudstjeneste i kirka

8 februar sang vi på morsdagskonsert på Bedehuset i Hareid, Korps-konsert.

15 februar sang vi på karnevallgudstjeneste i kirka.

28 februar sang vi på basar, raumatikerlaget, Hareid Skule.

1 mars sang vi på gudstjeneste på Hjørungavåg bedehus

7 mars arrangerte vi en misjonsdag på Hareid Bedehus. Vi hadde basar, matsalg og sang. Vi samla inn penger til misjonsprosjektet, vi samla inn nesten 10500 kr!

29 mars var vi på palmesøndagsgudstjeneste i Hareid kirke.

25 april hadde vi blåtur for 5-6-7 klassingene i koret. Dette ble en kinotur til Fosnavågen, og middag på Lanternen etterpå.

3 mai sang vi på gudstjeneste i Hareid kirke, her ble det også overrrekt en sjekk på pengene vi samlet inn på misjons-basaren vi arrangerte.

6 mai hadde vi avsluttningsfest for kor-året. Vi var på Nessetelva og grilla, og de tøffeste bada.

Betalende medlemmer hausten 2014 var:
8 stykker for barnekantoriet og 7 stykker på minikantoriet.

Kontigenten var på 200 kr, og for søsken 300 kr.

Hareid, 26.10.15

Sekretær for koret
Aina Eilertsen

# ÅRSRAPPORT 2015 FOR KYRKJE OG KYRKJEGARDSUTVALGET

Utvalget har i 2015 hatt denne medlemmane.

Leiar: Torgeir Ringstad
Andre Gjerde
Ester Bachke
Jostein Nedrelid
Bjarte Sunde.

Kyrkja er nesten dagleg i bruk gjennom store delar av året, noko som fører til endra behov og auka slitasje. Fellesrådet har arbeidd med å laga ein ny bruksplan for kyrkja, og har nok ein gong sendt søknad til biskopen om å få legge nytt kyrkjegolv og oppvarmingssystem med vassbåren gulvvarme. Sist det var søkt om dette var i 2009, der ein fekk avslag frå Riksantikvaren. Den nye søknaden vart sendt til biskopen 13.06.14 som sendte denne vidare til Riksantikvaren 11.11.14 for handsaming.

Status for søknaden er:
I uttale januar 2015 held Riksantikvaren fast ved tidlegare synspunkt/krav om at det skal nyttast brei furuplank som golv, noko som ikkje let seg sameine med golvvarme. Også senior-rådgjevar i KA Harald Ringstad rår sterkt ifrå golvvarme av omsyn til deler av interiøret i kyrkja. Han meiner det kan vere mogeleg å få tilstrekkeleg oppvarming med konvektorar (varmluft) og eventuelt mindre ovnar under sidebenkane. Installering av system for styring av varmeanlegget (tid og sone) vil ha stor betydning for energibruken. Ønsket om å få fjerna ovnane under benkane vil i så fall kunne imøtekomast, like eins Riksantikvaren sitt krav til gulvmateriale.
Varmepumpeanlegg krev eit teknisk rom for varmemagasin for 3,0 m3 vatn, noko som vil vere ei utfordring å få til. Spørsmålet er om dette kan kombinerast med ei oppgradering av toalettanlegget i kyrkja.

I kommunen sin økonomiplan er golv og varmeanlegg skuva ut til 2019. Fellesrådet har i sitt budsjett for 2016 sett av midlar til start av prosjektering. På grunn av nokre uheldige episoder i 2015 der born har brent seg på røyrovnane er det no montert vernegitter over dei, sjølv om dei på sikt skal fjernast.

Som det går fram av tidlegare rapporter er ynskja mange for kyrkje og gravplass, men mangel på tildeling av midlar gjer at mykje står att. Av det vi har fått gjort i 2015 kan nemnast.

- Eit av toaletta bak i kyrkja vart pussa opp. Veggar vart måla, det vart lagt nytt gulvbelegg, montert ny innreiing og det vart lagt inn varmt vatn.

- Det vart leigd inn eit firma som fresa vekk stubbar på kyrkjegarden. Dette var stubbar som har stått igjen etter tidlegare felte tre.

- Dugnad på kyrkjegarden tidleg i mai med dårleg frammøte. Vi fekk imidlertid fjerna ein god del lauv og greiner.

Kyrkje og kyrkjegardsutvalget vil også i 2016 arrangere vårdugnad. Endeleg dato er ikkje bestemt, men vi vurderer eventuelt 2 laurdager hvis det er behov for dette,

avhengig av omfang og oppmøte. Datoane vil vi kome tilbake til etter at utvalget har hatt møte og bestemt kva som skal utførast på dugnaden. Vi oppfordrar folk til å stille opp slik at kyrkjegarden kan vere presentabel til konfirmasjonshelga og grunnlovsdagen i mai.

Hareid, den 02. Februar 2016.
Torgeir Ringstad
Leiar

**Eier av Frivilligsentralen: Hareid Sokn**

Heidi Pedersen Kvalsvik har vært tilsett som daglig leder i 100% stilling.
Styret for 2015 har vært sammensatt slik:

**Fra Soknet:**

Kirsti Hareide Øvrelid. *Vara Renate Liaset.*
Torgeir Ringstad. *Vara: Christoffer Bakkely*
Bjarne Sukka. Vara: *Gunmar Grimstad*

**Fra Brukt og Billig butikken:**

Ingebjørg Klungsøyr. Vara: Åse Rise.

**Fra frivillige lag og organisasjoner, i år representert av Norske Kvinners Sanitetsforening**

Kari Britt Løset. *Vara. Alma Holm.*

Kirsti Hareide Øvrelid har vært styreleder. Daglig leder har vært sekretær for styret.
Det har vært 6 styremøter, og det har blitt behandlet 22 saker

## Mål/Intensjonen med Frivilligsentralen.

Sentralen skal bidra til å skape møteplasser og være en samhandlingsarena for frivillighet i lokalmiljøet. Vi skal samordne den frivillige innsatsen som både privatpersoner og frivillige organisasjoner i Hareid utfører, og dermed styrke og fremme det frivillige arbeidet. I tillegg skal sentralen være et kontaktsenter for alle som ønsker å delta i frivillig virksomhet, uansett alder, kjønn, økonomisk status eller etnisk tilhørighet. Sentralen arbeider for å være åpen og inkluderende. Det er igangsatt en del nye aktiviteter, som foregår i sentralens lokaler. Dette for å gjøre sentralen til en levende plass, som skal oppleves å være for alle. Lokalene står også tilgjengelig til utlån og bruk for frivillige lag og organisasjoner. Antall frivillige som gjorde en innsats i 2015 ligger på ca 90 personer, der noen deltar på flere aktiviteter. Til sammen bidro disse med ca 5500 frivillige arbeidstimer. I tillegg til disse kommer ca 200 foreldre til elevene på Hareid Ungdomsskole, som er natteravner en gang i året.

Oppgaver:

- Organisere og legge til rette for frivillig arbeid.
- Sette opp turnus for de frivillige som arbeider til faste tider.
- Drift av Bruktbutikken.
- Medarbeidermøter for Brukt og Billigbutikken.
- Oppdragsgiver for Friomsorgen i Ålesund.
- Oppdragsgiver for NAV.
- Oppdragsgiver for Furene A/S
- Fast medlem av Diakoniutvalget i Hareid Sokn. Delta/ lage til på Minnegudstjenesten og Skjærtorsdags- måltidet.
- Tett samarbeid med Hareid Kommune, Biblioteket, Ressurssenteret og Dagsenteret på Hadartun.
- Administrator for Facebook- sidene: Hareid Frivilligsentral, Friluftslivets år Hareidlandet, Tjukkasgjengen Chapter Hareid, og Brukt og Billig butikken
- Medlem i nettverk for Søre Sunnmøre Frivilligsentraler. Er med på 6-7 møter i året.
- Samarbeid med ulike lag og organisasjoner, som Sanitet, Pensjonistlaget, Hareid Idrettslag, Lions, Eldrerådet, Seniordans, Solringen/svaksyntgruppa, Revmatikerlaget og Søre Sunnmøre tamilske kulturforening mfl.

- Frivilligsentralen i Hareid består av mange engasjerte, frivillige medarbeidere som gjør en forskjell i lokalmiljøet.
- I tillegg til faste aktiviteter, er sentralen et «åpent» kontor. I løpet av året er det mange samtaler, spørsmål og praktisk hjelp som blir gitt, uten at en kan tallfeste eller telle dette ☺

| AKTIVITET | ANTALL I 2014 | CA ANTALL FRIVILLIGE TIMER |
|---|---|---|
| Strikkekurs m Saniteten | 42 ganger | 180 |
| Tjukkasgjengen chapter Hareid | 80 ganger | 250 |
| Eldretreff | 10 treff | 170 timer |
| Besøkstjeneste på Hadartun | 42 | 168 timer |
| Besøkstjeneste i hjemmet | Ikke registrert | 1 person gjør dette |
| Varesalg på Hadartun | 23 | 180 timer |
| Brukt og Billig butikk | Åpent 6 dager i uken. | 3500 timer |
| Julefest/julebord på Kakeriet for medarbeidere på B & B | 1 gang | |
| Bibliotekdager | 10 ganger | 40 timer |
| Åremålsbesøk | 15 ganger | |
| Natteravn | 27 kvelder | 300 timer |
| Kommunevalget/kirkevalget | 1 dag | 15 timer |
| Inspirasjonsforedrag med Safia Abdi Haase | 1 kveld på Sjøborg | |
| Hørselhjelp | 11 ganger | 22 timer |
| Seniornett | 36 ganger | 290 timer |
| Datakurs | 2 dager, UVS | |
| Seniorsurf | 1 dag | |
| Hareidstemne, arr konsert | 1 gang | 12 timer |
| Hareidsdager | 1 dag | |
| Utdeling av Frivilligprisen | 1 gang | 5 timer |
| Fest for de frivillige på Ishavsmuseet i Brandal | 1 gang | |
| Konserter | 6 ganger | 40 timer |
| Grillfest på Hadartun | 1 gang | 20 timer |
| Lørdagskafe m/ Lions | 2 ganger | 30 timer |
| Julefest på Hadartun | 1 gang | 20 timer |
| Leksehjelp for innvandrerbarn | 48 ganger | 100 timer |
| Mat/kultur/prat | 1 dag | 5 timer |
| Språkpraksis | 4 mnd, 2 dager i uka | 192 timer |
| Arbeidsutprøving | 2 uker på B & B | 20 time |
| Leve samlinger på sentralen | 2 kvelder | 6 timer |

**Frivillige bidro med ca 5500 timer i 2015**. Da er ikke tatt med de som stiller med underholdning av ulik slag på julefest, eldretreff ol.

**Den norske kyrkja og Hareid sokn sin visjon;**

# MEIR HIMMEL PÅ JORDA

**Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus**

Ved å vere;

| Vedkjennande | Open | Tenande | Misjonerande |
|---|---|---|---|
| Vi tilber og vedkjenner trua på den treeinige Gud saman med den verdsvide kyrkje. | Vi er eit fellesskap prega av likeverd, deltaking og respekt for mangfald | Vi viser miskunn, fremjar rettferd og vernar om skaparverket | Vi vitnar om Jesus lokalt og globalt |

**I perioda 2016-2019 vil vi at:**

1. Gudstenestelivet blomstrar
   a. Gudstenesta gir eit møte med det heilage, med Gud.
   b. Gudstenesta er eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap for alle aldrar.
   c. Gudstenesta knyter oss til heile den verdsvide kyrkja.
   d. Kyrkja er ein stad der etterlatne kan møte omsorg og få oppleve ei gravferd der dei får leggje den døde i Guds hender.

2. Fleire søkjer dåp og trusopplæring
   a. Medlemer i kyrkja ynskjer å døype borna sine
   b. Alle døypte og tilhøyrande i alderen 0-18 år vert inviterte til systematisk trusopplæring som gjer at dei kjenner seg heime i kyrkja, og får kunnskap om kristen tru.
   c. Aldersgruppa 18-30 år erfarer at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg.
   d. Kyrkja tilbyr trusopplæring for vaksne.

3. Kyrkja og samfunnet
   a. Kyrkja fremjer menneskeverd, fred, menneskerettar og respekt for skaparverket.
   b. Misjon er ein del av kyrkjelyden sin identitet og eit uttrykk for at Gud har gjort oss til sine sendebod.
   c. Kyrkja vil fremje omsorg, verdigheit og respekt for menneske i ulike aldrar, livssituasjonar og kulturar.
   d. Kyrkja samarbeidar med ulike organisasjonar om kulturtiltak.

4. Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja
   a. Kyrkja inspirer til deltaking og vil skape gode arbeidsforhold for frivillige og tilsette.
   b. Kyrkja arbeider for rekruttering til kyrkjeleg teneste i samarbeid med ungdomsorganisasjonar og støttar utdanningsinstitusjonar.

# Hareid kyrkjelyd 2015












Her er nokre glimt av små og store hendingar frå 2015

www.hareid.kyrkja.no